



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2323 - 18/13835

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
30.04.2018

Oversending av vedtak om dispensasjon og arealoverføring til klagevurdering - gbnr 11/14 og 11/30 Hølleland

Plan- og miljøutvalet - 059/18:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Det vert gjeve dispensasjon frå plankravet og byggegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring av areal på ca. 800 m² som tilleggsareal til bustadeigedom på gbnr 11/14 med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av eit areal på om lag 800 m² frå eigedom gbnr 11/30 til eigedom gbnr 11/14. Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9.

Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til



kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Ingrid Bjørge Pedersen på e-post ingrid.bjorge.pedersen@lindas.kommune.no eller på telefon 56375878.

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til arealoverføring - gbnr 11/14 og 11/30 Hølleland

Søknad om oppretting / endring av matrikkeleining - gbnr 11/14 og 11/30 Hølleland
saks. nr

Opplysningar i saka - gbnr 11/14 og 11/30 Hølleland - Hosøy

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen